

**Frå:** Larissa Dahl  
**Send:** onsdag 28. juni 2023 13:34  
**Til:** ketilmold@gmail.com  
**Emne:** Trong for fleire opplysningar i saka 23/4481

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad i saka 23/4481 motteke 2.06.23. Viser til brev i saka 23/4482 om frittligjande bod, som kunne handsamast som unntak frå søknadsplikt. Denne saka her gjeld tilbygg og påbygg til bustad på gbnr 137/622. Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Det er trong for tilleggsdokumentasjon : Slik du skrivar i skjema skal tilbygg nr.1 med bruksareal på ca. 13 m2 oppførast i 2.etasje, då er dette påbygg, ikkje tilbygg og krever ansvarleg søkjar. Evt. må du sende inn søknad som sjølvbyggjar. Tilbygg nr.2 i 1.etasje har bruksareal på ca. 8 m2 og kan oppførast av deg. Vi savner målsatte teikningar både plan, fasade, snitt. Situasjonsskart må vise avstand til veg og nabogrense frå alle tiltak. Det er ikkje oppgeve tomteutnytting i forhold til planføresegn. Om tilbygg nr.2 er i tråd med SAK §4-1 kan det også være fritak frå søknadsplikt, men vi savner grunnlaget for å vurdere dette.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Du kan sende inn tilleggsopplysningar innafor 10.08.23.

**MVH**

**Larissa Dahl** | Rådgjevar Plan og byggesak

Tel. 46299457

E-post: [byggesak@alver.kommune.no](mailto:byggesak@alver.kommune.no)

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på [www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/](http://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/) eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)